

indremisjons VENNER

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

02 - 2023



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Hagesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Oddvar M. Torget
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Tordis Thuestad
Vidar Stensletten Eik
Henriette Bjørnevik

Svein Tore Kulleseid, 1 vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Ragnhild Nesse, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGs

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no

Framsida-foto:

Konfirmantane
i ConTeenNew

Å flyga som ørna

Leiar av
Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Det merkast kva bøker du les, i det du skriv, Marit. Eg fekk denne kommentaren nyleg. Eg vel å ta det positivt. Ja, me blir vel alle påverka av det me les og høyrer. Spørsmålet blir då kva me vel å fylla oss med, kven me vel å lytta til.

Gudsfrykt reduserer menneskefrykt. Det har eg spesielt erfart det siste året. Guds Ord er levande og verkekraftig. Det gir liv og håp, og bygger karakter. Me treng Guds Ord og Guds kraft inn i kvardagen vår, inn i livet.

Eg vil dela ei historie med deg i dag, henta frå bønneboka «Puls». Ein mann fann eit ørneegg og la det i reiret til ei gardshøne. Ørna vart klekka ut og vaks opp saman med kyllingane. Heile livet gjorde ørna det same som kyllingane, i tru at den var ein gardskylling. Den krafsa i jorda etter meitemark, den klukka og kakla. Den flaksa litt med vingene og letta så vidt det var. Åra gjekk og ørna vart gamal. Ein dag fekk den auge på ein praktfull fugl høgt oppe på himmelen. Den gleid i grasjos majestet, nesten utan å ta eit einaste slag. Ørna kikka opp i beundring. «Kven er det», spurte den. «Det er ørna, fuglane sin konge», svarte ein av dei andre. «Den høyrer til på himmelen. Me høyrer til på bakken – for me er kyllingar». Difor levde og døydde ørna som ein kylling, for det var dèt den trudde den var.

Gud har skapt kvar og ein av oss som ei kongeørn, med evne til å flyga. På mange måtar lever me likevel framleis som ein kylling, uvitande om kva høgder og rikdommar Gud vil ta oss til.

Når dette er sagt, har eg møtt fleire menneske i det siste som ser kva rikdom det er i å høyra Gud til, kva kraft me har i Han. Nokre av dei møter du i dette bladet.

På Fitjar samlast kvinner til bibel og bøn kvar tysdag. Det er nødvendig for eiga tru og liv, seier dei.

Egil Innvær fortel i «Mi trushistorie» om si sterke fornying, og då han fekk helsing i rette tid.

Bildøyelevane, som var på turne, har tatt nye steg i tru. Me veks ikkje så mykje i komfortsona, seier dei. Me blir meir avhengige av Gud når me vågar oss «utpå vatnet».

ConTeenNew-ungdommane samlast til Guds Ord, og får høyra kva Gud betyr i andre sitt liv.

Ja, det er i det heile så mange historiar; frå lokalt arbeid, frå leir og ulike samlingar som kunne vore delte. I skrivande stund er eg på Superhelg på Helgatun. Me deler liv, Gudserfaringar og historiar frå Bibelen. Me lærer oss å be. Me veks, og lærer litt og litt å flyga som ørna.

Takk til deg som støttar opp om IMS!


Første kvartal i 2023 er lagt bak oss, og me vil nytta høvet til å takka alle som støttar IMS økonomisk. Saman får vi vera med på å fremja Guds rike ut til tusenvis av unge og vaksne i Sunnhordland, Hardanger og Voss. Det er det all grunn til å vera takknemlege for.

Så vil me gjerne få utfordra deg igjen til å bli ein fast gjevar til IMS, og til deg som allereie er gjevar så vil me gje ei oppfordring til å sjå over gåvene dine. Kanskje det er på tide å auka? Me er veldig takknemlege for alle gåver som kjem inn til oss. Grunnen til at me ofte slår eit slag for faste gjevarar er at det gjev oss god forutsigbarhet og vil også gje deg som gjevar ei betre oversikt over kva som går ut av konti. For å oppretta fast gjevarteneste, eller oppdatera allereie eksisterande, går du inn på imf.no og klikkar deg inn på «Gi gave», velg så «støtt lokale prosjekt». Der vil du finna Indremisjonssamskipnaden som eit av prosjekta.

Tusen takk til deg som står med i arbeidet gjennom forbønn, økonomiske gåver og med gode ord.

Gi di gåve med
v:pps
Vipps-nummer: 102696

Rekneskapet pr. 31. mars viser
eit driftsunderskot på kr 531.884,-.
Året før var det eit underskot på kr 418.680,-.



Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Denne tid skal også passere!

Andakt av
Arild Sæle, Øygarden
Medlem i Helgatonstyret



Vi står alle i forskjellige faser i livet, mange sliter med mental helse, fysiske lidelser, vanskelige relasjoner og det finnes uendelig mange forhold som gjør livet vanskelig. For andre går ting på skinner, helsen er god, gode venner, lykken rett og slett smiler til livet. Livet er fantastisk!

Når jeg reflekterer rundt livet og tar med uroen i verden så er det mye en kan gå i dybden på. Vi er nok alle bekymret for det som skjer i verden; krig, strømkrise og ustabile ledere i de mektige landene!

Det er kanskje liten trøst i dag, men ser vi historisk på det så har uro vært med å prege verden i all tid. Vi finner det beskrevet mange plasser i bibelen, så det er ikke noe nytt!

Dette får meg til å tenke på oppdraget kong Salomo gav til den dyktigste smeden i landet, med den dyreste og vakreste ringen han eide. Han så smeden inn i øynene og sa: «*Dra ut i all verden, og finn meg det klokeste, viseste og smarteste som går an å få i en setning. Graver ordene inn på utsiden av ringen min, slik at jeg kan minnes det hver eneste dag.*»

Smeden gjorde så og kom hjem med denne setning: «*Også denne tiden vil passere!*»

Den setningen viser viktighet av to ting; nyt de gode dagene hvor alt er fryd og gammen som Gud har gitt deg og ta vare på dem, og hvis du har det vanskelig, tøft og forferdelig så vil du finne trøst i at denne tiden også vil passere. Livet går i bølgedaler for de fleste av oss, men en ting er sikkert og det er at Gud er med oss i gode og onde dager!

BØNE SPALTA

BE FOR:

- Sommarleirane
- Ims Sommarfest i juni
- Økonomien til SunnBok og Ims
- Framnes og Bildøy
- Lyngdal Bibelcamp

TAKK FOR:

- Årsmøte
- Leirane i vår
- Barne- og ungdomslag/kora våre
- Helgatonlia
- 6 flotte konfirmantar på ConTeenNew
- Takk: 1. Joh 4: 7 - 12


Send gjerne bøneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

«Difor legg eg dykk på hjartet, sysken, ved Guds miskunn, at de må bera fram kroppen dykkar som eit levande og heilagt offer, til glede for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste. Og innrett dykk ikkje etter denne verda, men lat dykk omskapa ved at de får eit nytt sinn og kan dømma om kva som er Guds vilje: det gode, det som er til glede for Gud, det fullkomne. Ved den nåden eg har fått, seier eg til kvar og ein av dykk: Tenk ikkje for store tankar om deg sjølv, men bruk forstand og ver sindig! – kvar og ein etter den trua som Gud har tilmålt han.»

FAMILIELEIR

30. JUNI – 4. JULI

BRANDØY



PÅMELDING OG MEIR INFORMASJON FINN DU PÅ INDREMISJONEN.NO UNDER ARRANGEMENT OG LEIR

ims
Indremisjonsforbundet

Påske på Helgatun

Det vart ein fin påske på Helgatun, med sol og finver ute, og gode samlingar om Guds ord inne.

I palmehelga hadde vi familieleir, frå fredag til tysdag. Etter frukost og nistemørjing samlast vi for å høyra Guds ord - anten til bibelsamling og barneopplegg eller til familiesamling for alle. Både deltakarar og leiarar nytta deretter høvet til å koma seg ut i det strålende veret, anten på ski eller sko.

Palmesøndag drog vi opp i lia over Helgatun og hadde skileik og moro i snøen. Kjøkkenet hadde ordna med graut, og den var med opp i bakken. Søndagskvelden hadde vi "Påskan i ord og tonar", med tekstlesing og felle song. Linn B. Røen og Joakim Rudebjer gledde oss med song, både då og elles på leiren.

Jorunn Johannesen fortalde og frå livet på Helgatun. Elles var kveldsmenyen variert; gjerne ein leik eller konkurranse, andakt og song m.m. Etter kveldssamlinga var det tid for kaffikos i peisestova, medan ungdommane hadde egne treff.


Under påskeopphaldet etter leiren var Linn Merete Urangssæter med. På ein fin måte tok ho oss med inn i påskebodskapen. Skjærtorsdagskvelden var sett av til open gudsteneste med nattverd. Arnulf Sandvik forretta, og det vart ei god stund! Gledelig å sjå at det kom mange i tillegg til påskegjestene på huset.

Eg trur mange var imponert over den gode maten vi fekk, og takksame for dei som trufast ber tenesta på Helgatun. Gjestene på huset er ikkje alltid ei einsarta gruppe, og Ordet får møta den einskilde der dei står.

Kåre Johan Hamre



Påskevandring i Stokksneset



Det er andre gong at det vert satt opp postar for påskevandring i Osterneset, Fitjar. Kjerstin Stokken er ein av dei som har satt ideen ut i livet, saman med familien og ImF Fitjar. Dei har satt opp løypa i tilknytning til garden dei driv, der det også er turområde ope for alle.

Påskevandringa vart gjort klar til Palmesøndag. Då hadde ImF Fitjar Palmesøndagsmøte inne først, før det bar ut på påskevandring med grilling etterpå. Familievis eller i mindre grupper gjekk ein samla gjennom løypa. Påskevandringa er ein fin måte å få fokus på evangeliet, seier Kjerstin.

Ting blir levandegjort, og det er fint å gjera dette saman. Då me kom til siste post, sang me blant anna Thomas song og dramatiserte den med barna som var disiplane bak stengte dører og var redde før dei fekk oppleve at Jesus hadde stått opp igjen! Her var det også gule lappar, der liten og stor kunne skriva ned noko dei ville takka Jesus for. Så kunne dei henga takkelappane opp på treet.

Påskevandringa vart ståande i påska, slik at også andre kunne benytta seg av løypa og opplegget.



Årsmøte til inspirasjon

22. april var det IMS årsmøte på Leirvik bedehus med 70 registrerte utsendingar. Under utsendingsmøtet på Framnes i 2022 vart det vedteke at me går for ei prøveordning på to år der me skil utsendingsmøtet frå Sommarens Storsamling. 16.-18. juni vert det IMS Sommarfest på Brandøy.

Større gjerningar

Før sjølve årsmøtedelen tok til var det felles lovsong og tale ved Marit Hårklau Ådnanes. Kva tyder det når Jesus i Johannes 17 seier at me skal gjera større gjerningar enn han? Jesus gjekk til sin Far, men har sendt oss sin Heilage Ande som verkar i oss som trur. Større gjerningar kan visa til større omfang og rekkevidde. Å fremja Guds rike ved å istandsetja andre til teneste er viktig. Korleis kan me arbeida for at Hans rike skal bre seg? Korleis kan det sjå ut i IMS-land at me gir vidare til pålitelege menneske, som er i stand til å læra andre (2. Tim. 2,2)? Dette var også utgangspunktet for samtale seinare i årsmøtet.

Orienteringar og val

Kjartan Mehammer og Randi Eiken Brekke vart valde til dirigentar for årsmøtet. Det var informative, ærlege og inspirerande orienteringar frå avdelingane, samt IMS og IMS-Ung. Å høyra korleis det går gir både eigarskap og ansvarskjensle.

Styreleiar Ole Bernar Innvær fekk stor fornya tillit ved skriftleg val. Dei andre kandidatane vart valde ved akklamasjon. Oddvar Martin Torget, Petter Lid og Hilde Karin Vedøy Eiken vart valde til styremedlemmer for to år. Frå før sit Henriette Bjørnevik, Tordis Thuestad, Vidar Stensletten Eik. Vara-medlemmer: Svein Tore Kulleseid (1. vara), Marianne Heggholmen Aarbø (2. vara) og Ragnhild Nesse (3. vara).

Glimt frå lokalt arbeid

Merete Økland Sortland delte frå Between Laurhammer, der dei har teke i bruk Awana. Dette gir meir plan i arbeidet. I Samnanger har dei fått mange nye Ukrainske vener i forsamlinga. Marit Espelid delte frå arbeidet, og kva betydning det har fått. I Norheimsund delte Herdis Austevoll omkring bønnesamlingar for kvinner på tvers av bygdene. Eli Tveitane løfta også opp Alpha som ein ressurs, der ein kan invitara menneske inn i heimen for undervisning og samtale om tru.

ImF-prosess, leirstøtte og samtale om arbeidet

Johannes Olsen orienterte om ImF-prosessen, og Runar Landro via storskjerm. Saman med Torgeir Lauvås er Runar ny leiar i prosessen, og John Torjus Eriksen er fasilitator.

Linda Aase la fram sak omkring leirstøtte. Me vil at alle skal få reisa på leir som ynskjer det, men dessverre set økonomien ein stoppar for enkelte. Det var stor støtte blant utsendingane at dei som lokale forsamlingar ynskjer å bidra økonomisk til at

personar frå deira bygd skal få reisa. Korleis dette konkret kan skje via påmeldingsskjema vart presentert. Deltakaren vil bli anonymisert.

Det vart god samtale rundt borda omkring «disippelskap over fleire generasjonar». Til slutt var det høve for frie innlegg omkring arbeidet. Mange viser stort engasjement for Guds rikes arbeid. Tilbakemeldingane etter årsmøtet var mange og gode på at dette hadde vore eit inspirerande og framtidretta årsmøte.



Samtale årsmøte - Dirigentar framme er Kjartan Mehammer og Randi Eiken Brekke



Eli Tveitane og Merete Økland Sortland i samtale



Felleskap under årsmøtet på Leirvik bedehus

ims

Indremisjonssamskipnaden

Gud har svart på alle bønene

Onsdag til søndag etter påske var eit team på elleve personar frå Bildøy på turnè i Sunnhordland. Dei fekk varierte oppdrag, og var med på møte på Meling bedehus, pensjonisttreff Moster og søndagen møte i ImF Fitjar. To av kveldane vart gruppa delte i to. Fredagen var dei på Between Laurhammer og Ufo Langevåg. Laurdag kveld var dei på Aktiv Moster og ZoomIn Gilje.

Glad for å kunna ta eit skritt tilbake
Teamleiarar var Maria Linnea Voster og Amalie Stokka. Dei går begge andreåret på Bildøy, Tenestelinja. Dei er så stolte over elevane, og synest dei har hatt ei veldig bra veke. Folk veks på å bli gitt tillit, seier Maria. Det må eg arbeida med; at eg skal la dei ta ansvar. Det har vore fint å ta eit skritt tilbake. Me har pusha elevane, og dei har tatt nye utfordringar som å leia, ha vitnesbyrd og andakt. Elevane har vakse veldig på dette.

Som førebuing til turen har dei bedd mykje; bedd om åndeleg fellesskap, for nye vennskap i gruppa og at elevane skal vera frimodige til å utfordra seg på nye ting. Gud har svart på alle bønene våre; seier dei. Så har det vore fint å ha eit så variert opplegg. Det var kjekt på pensjonisttreff. Me er alle søsken, enten me er 60 år eller yngre. Så har det også vore bra å få samtala med fleire ikkje kristne. Det er fint at dei har ein stad å koma til.

Kjekt å få gi

Tobias Time er blitt begeistra for Bømlo. Eg har vore ein ekte turist, seier han. Saman med fleire, fekk han oppleva Siggjo. Så har det vore kjekt å vera på ulike plassar og treffa ulike forsamlingar. Helene Ånensen seier veka har vore veldig, veldig fin. På Bildøy får me veldig mykje. No har det vore kjekt å få gi, og bli utfordra.

Gode samtalar om tru og liv

Eirik Stensland i Ufo Langevåg seier at for ungdommane våre er det heilt fantastisk å få treffa andre ungdommar nær deira eigen alder som bevisst trur og følgjer Jesus. Ein ihuga gjeng forsøkte å slå ein bibelskuleelev i armbak. Nokre minuttar seinare fekk dei høyre korleis han tok imot Jesus. Nokre himla med augo, andre følgde kvart ord. Mykje gjekk inn hjå dei alle, seier Eirik. Det vart gode samtalar om tru og liv.

Det var veldig kjekt å få besøk av Bildøyelevar på Pensjonisttreff på Salem, seier Toralf Steinsland. Elevane delte seg rundt på borda mellom pensjonistane. Dei fortalde veldig fint om kva tida på Bibelskulen har betydd for dei, og det var flotte og personlege vitnesbyrd.



Bak f.v.: Tobias Time, Thomas Aase, Hans Christian Hellem, David Nesgård.
Andre rad f.v.: Amalie Stokka, Elena Almli, Signe-Johanne Birkeli, Lina Lødemel
Framme f.v.: Maren Selseng, Maria Linnea Voster og Helene Ånensen



Grilling og samling med IMF Fitjar etter møtet søndagen

Laurdag 29. og 30. april stod seks flotte ungdommar som konfirmantar i IMS. Gjennom året i ConTeenNew har dei fått vore med på mykje, og me har mange gode minner å sjå tilbake på. For konfirmantane så er det spesielt turane som sit igjen som det beste frå året som ligg bak, og då spesielt den vekeslange misjonsturen i vinterferien.

ConTeenNew er namnet på konfirmasjonsopplegget vårt i IMS. I utgangspunktet vart det laga for å ivareta dei som var innmelde i ImF Trossamfunn og gje dei eit tilbod om konfirmasjon. Gjennom åra har fleire frå andre trussamfunn også hatt eit ynskje om å konfirmere seg i IMS. Dei fleste av konfirmantane våre har ei tilknytning til IMS gjennom ei av våre forsamlings-/bedehus, og dei fleste har vore på ein av våre leirar eller på Pit Stop Leirvik, men ikkje alle.

Dette året har me hatt 4 konfirmantar frå Stord, ein frå Skjold og ei frå Norheimsund. Ein utruleg flott bukkett ungdommar. Gjennom undervisning, to helgeturar og ein misjonstur har me blitt ganske godt kjent, og me har fått snakka om mykje som har med kristen tru å gjera.

Mange av dei har misjonsturen som beste minne, og dette året gjekk den turen til sørlandet. Me budde på leirstaden Audnastrand på Lindesnes og reiste derifrå ut og vitja kristent arbeid i Kristiansand, Mandal, Vigeland og Lyngdal. På ein misjonstur er det mykje kjekt program og det er ofte opplevingane ein hugsar best. Likevel så veit me at når me samlar oss kring Guds Ord kvar dag i sju dagar, ber saman og får høyre frå andre om kva Gud betyr i deira liv, så byggjer dette noko som på ein eller annan måte vil bli spesielt. Ekstra flott er det når konfirmantane siste kvelden samlar seg og ber, diskuterer og til slutt avgjer sjølve kven av desse prosjekta me besøker som skal få nokre kroner frå oss. Kronene har

konfirmantane samla inn sjølv på eit misjonsløp dei har sprunge tidlegare. Dette året gjekk halvparten av desse pengane til Shalam, som driv eit enormt arbeid mot vanskelegstilte i Kristiansand, og Shelter, som driv eit fantastisk bu- og integreringstilbod til flyktningar.

Konfirmasjonsåret vert avslutta med ei gudsteneste der konfirmantane står for mykje av innhaldet. Gudstenesta er ei høgtid, og det som gjer den så flott er at konfirmantane sjølv får forma den. Det viser noko av kva året har gjort med dei, og dei får setja sin eigen dag. Hjarteleg gratulera med konfirmasjonsdagen Amalie, Benjamin, Ingrid, Lea, Ole og Solveig!

Vil du veta meir om ConTeenNew?
Ta gjerne ein kikk på www.conteennew.no



Frå konfirmasjons-gudstenesta på Leirvik Bedehus. F.v. bak: Eirik Stensland, Benjamin Fyllingen, Ole Byrkja. F. v. foran: Ingrid Hystad, Amalie Brekke og Lea Eide

Frå konfirmasjonen til Solveig Lavik i Norheimsund.





Barne- og ungdomssidene



Erik Stensland - Linda Aase
Ungdomsarbeidar - Ung-arbeidar

Leirar framover

Brandøy:

Sommarleir

5.-7. klasse
23.-25. juni
Pris: kr 750

Helgaton:

Minileir

2.-4. klasse
26.-28. juni
Pris: kr 750

Sommarminileir

2.-4. klasse
26.-28. juni
Pris: kr 750

Tweensweekend

5.-7. klasse
26.-28. juni
Pris: kr 750

Familieleir

For heile familien
30. juni-4. juli
Pris: Maks 6000
3-7 år = 950
8-12 år = 1050
13-16 år = 1250
Vaksen = 1750



Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.


www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

Bible Project

Bible Project er ein fantastisk ressurs for unge, og også eldre. På ein enkel måte gir Bible Project ei innføring i Bibelens historie med video, tekst og tale.

Søk på «bible project norsk» på google eller skann QR-koden med kamera på din smarttelefon for å finna ressursen.



UNGS

QR-hjørne

Påskefestivalen 2023

Første helga i påskeferien arrangerer IMS Påskefestival på Brandøy, det gjorde me sjølvsagt også i år. Sjølv om me dette året var færre deltakarar enn i fjor, gjorde ikkje dette noko med stemninga på leiren. Gjennom veka fekk deltakarane høyre påskebodskapen om Gud som tok vår plass, vår straff og opna vegen til Gud for oss. *Jesaja 9, 6: "For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste."*

Påskefestivalen i år baud også på mykje godt sosialt! Den store kveldsaktiviteten i år blei «mafia», eit spel der ulike deltakarar skal spela ulike roller. Me hadde også volleyball-turnering, Escape Room, bading, «Bad Taste-party», Among Us IRL og mykje meir.

Noko av det som sit igjen er delekvelden me hadde i løa i etterkant av bibelsmuglinga. Der fortsette me litt på fokuset på forfølgde kristne, og fleire av ungdommane vitna for kvarandre om kva Jesus betydde for dei. Ein fantastisk påskefestival!

Jenny Helen og Sverre er klare for «Bad Taste-party»



Sara Marie og Lamar i full sving i Escape Room

ESCAPE ROOM





Lise Marie Th. Litlabø
Barne- og familiearbeidar

Mitt bibelvers!

Ta vare på hjartet framfor alt,
for livet går ut frå det.

Salomos Ordtak 4,23

Guro Teistedal Dyrøy, 14 år



Tweensweekend på Brandøy

I mars var 53 deltakarar frå 5.-7. klasse på Brandøy. Dette var ei veldig kjekk helg der «hemmeleg ven», aktivitetar og Jesus stod i fokus.

Linda Aase benytta seg av Awana sitt bibeltimeopplegg med tema «Jesus er Frelsaren». Me var heldige med veret og utnytta det då me hadde sporleik. Deltakarane gjennomførte fleire oppgåver som «Kims leik», «lengste seigmann», «Ball i bøtte» og quiz.

«Eg vil koma tilbake til Brandøy», var det fleire som sa då me reiste der ifrå.



Det starta med nød

Kvar tysdag føremiddag samlast kvinner på Fitjar til bøn. Det heile starta med nød for familiene, seier Anne Berit Vik. Me trong å koma saman for å be. Saman med Reidun Vik starta ho bønegruppe i heimen for tretti år sidan. Seinare vart bønestundene flytta til bedehuset.

Straks eg kjem inn i bøneloaket, skjønar eg at det er snakk om meir enn bønegruppe. Fire kvinner sit med oppslått bibel, klar for bibelstudium. Dei har tidlegare lese og samtala seg gjennom Det Nye Testamentet. Nyleg har me hatt ei fantastisk oppleving frå Johannes Openbering, der me også las Hans Johan Sagrusten si bok, fortel Sylvi Røssland Sørfonn. Denne dagen er det bibelstudium frå Jesaja 2. Sigrunn Eiken les kommentarar i studiebibelen, og etter skriftlesing vert det samtale om teksten; inn i vår tid, og inn i livet.

Har knytt sterke band

Me har ei sterk tru på bøn, at det nyttar, seier Anlaug Hovstad. Eg er så heldig som har desse bønekvinnene, seier Anne Berit. Me har knytt sterke band, fortset Sylvi. Orda kjem raskt og sterkt når kvinnene skal fortelja kva bønefelleskapet betyr. Me prioriterer høgt å koma, seier Sigrunn.

Ber stor velsigning med seg

Alle kvinnene er opptekne av at dette ikkje må bli ein «skryteartikkel». Me gjer det for eiga tru og liv. Me ser at det verkar, og det gir oss tryggleik. Me ber for kvarandre når me står i ting. Me ber for næringslivet, butikkar, skule, kommune, forsamlingslivet, vener og bygdefolk. Me ber for det som er oppe i tida og kristne politikarar. Me trur det ber stor velsigning med seg, og at det betyr mykje for bygda.

Så er det også mange andre i bygda som ber, enkeltvis og ulike grupper. På Fitjar bedehus er det bønefelleskap tre gonger i veka, seier dei.

Marit Hårklau Ådnanes

Kvar tysdag kl 10.00 samlast kvinner til bibelstudium og bøn på Fitjar bedehus. F.v. Anlaug Hovstad, Sylvi Røssland Sørfonn, Anne Berit Vik og Sigrunn Eiken.



Rike dagar på Vårtreff

Det årlege Vårtreffet på Brandøy siste veka i april samla i år 34 deltakarar. Under hyggekvelden måndag var Marit Hårklau Ådnanes med oss, og tala over å vera stille med Jesus. Ho hadde også bli-kjent-leikar, som gav god respons og full innsats frå deltakarane.

Som alltid var det rikeleg med god mat på Brandøy. Teamleiarane utfylte kvarandre godt, og bestod av Sigrunn og Trygve Eiken, Marit og Egil Innvær, Jorunn og Olav Eikemo. Tysdagen fortalde og viste Trygve Eiken bilete frå ulike land og samanhengar, kristne han hadde møtt via jobbsamheng. Tysdag og onsdag deltok mange i meisterskap i hestekokasting.

«Det sanne ljoset» var temaet for bibeltimane Olav Eikemo haldt. Tysdag kveld var det song- og musikk møte, der Kvalavåg musikklag var med og løfta oss opp med sin himmelske song. Jorunn Eikemo heldt andakt omkring «Klippen som Gud har sett våre føter på». Det vart ein velsigna kveld.

Svein Helge B. Torsteinsbø hadde time om bedehuskulturen og flott kåseri frå Stamsund og Lofoten onsdag. «Duo Manna» ved Marta Tjelle og Edvard S. Fatland gledde oss med god song og musikk.

Me hadde gode og rike dagar med samtale og forbøn til hjelp og styrke på vegen.

Olav Eikemo

Kirsten Eskevik og Magne Bjørnevik møtte kvarandre under Vårtreff for tretten år sidan. >>>

Vart kjærestar på Vårtreff

I 2010 var Kirsten Eskevik på Vårtreff for første gong. Eigentleg skulle ho til syden med søstera, men avlyste turen, då ho kjente med heile seg at det var til Brandøy ho skulle. Her møtte ho Magne Bjørnevik. Magne hadde då vore enkemann i tre år, og Kirsten enke i to år. Dei vart kjærestar desse dagane. Etter at Vårtreffet var slutt, tok dei ein lang biltur saman. Magne minnest at han tok nattferja 0130 tilbake til Os. I oktober same året reiste dei til Israel der dei ringforlova seg, og 6. august 2011 gifta dei seg.



Mi trushistorie

Egil Innvær tar imot meg i heimen på Innvær, der han bur saman med kona Marit. Det luktar nysteikt bakverk. Denne dagen skal dei feira eittårsdag til oldebarn, og skal ha med seg kanelsnurrar.

Bøn på kne

Hausten 1941 vart Egil fødd, som nummer fem i ein søskenflokk på åtte. Han fortel at han vaks opp i ein veldig bra kristen heim. Familien var medlemmer i pinsemenigheten Klippen, og var med på å bygga opp Viergo-bygget. Det var menighet der før, seier han. Egil var mykje med på møte. Han hugsar at dei hadde vitnemøte og bøn på kne i tidlege ungdomsår.

Ville ikkje bli kristen

Så vaks eg til, og kom bort frå trua. I tenåra reiste eg ut i fiske- og fraktefart. Ein gong me var i Lofoten, ved Stamsund, kom ein jamgammal matros og ville ha meg med på møte. Han var så kalla av Gud. «Viss dei innbyr, skal du vera med fram», sa han. «Men eg har ikkje tenkt å bli kristen», svara eg. Me enda opp på møte, og eg gjekk fram og bøygde kne attmed han. Han vart herleg frelst og glad. Då eg skulle laga frukost sa eg til styrmannen at matrosen var blitt ein kristen. «Eg veit det», sa han. Det var sterkt. Styrmannen var ingen kristen, men hadde likevel merka ei forandring. Det skjedde ingenting med meg då, seier Egil - merkelege greier.

Bad for meg heime

Etter militæret begynte Egil på Wichmann motorfabrikk. Her arbeidde han i 22 år. Her traff han også Marit. Dei var saman i pausane, og til slutt vart dei også eit par. Året er 1967. Då begynte eg å gå med henne på møte, seier Egil. Eg syntes eg måtte det. Marit budde på Sønstabø, og me gjekk mest på Meling bedehus. Då eg var ungdom bad dei veldig for meg heime, at eg skulle treffa ei kristen jente.

Skulle gjera det slutt

Ein laurdag føremiddag kom eg til Marit. Det var vår. Eg hugsar det så godt. Eg var så uroleg. Eg tenkte på at ho var kristen, og eg var ikkje. Ho fekk nok også litt «hyn» for at ho var saman med meg. Eg tenkte det var best for henne at me kanskje gav kvarandre opp. Me snakka lenge saman. Det vart ikkje slutt altså, seier Egil. Heldigvis vart eg kristen tre-fire månader seinare. I 1969 gifta me oss, og i 1972 bygde me hus her på Innvær. Me fekk tre barn og etterkvart kom det til ti barnebarn og no også første oldebarn. Me har hatt eit fantastisk ekteskap.

Begynte vandringa på nytt

I 1968 vart det sett opp eit stort telt i Leirdalssekå. Det var møteaksjon, og begynte å skje noko. Ein kveld kom det for meg at eg måtte fram. Folk bad for meg, og eg begynte vandringa på nytt med Jesus, seier Egil.



Sterk fornying

Ved spørsmål om viktige personar og opplevingar i livet, kjem Egil raskt inn på hendinga i 1976. Eg sat her i stova og samtala med ein emissær. Plutseleg, eg grin kvar gong eg skal fortelja dette, så kom det ei sterk fornying. Eg kallar det frelsesoppleving. Det har hjulpet meg etterpå. Den Heilage Ande kom over oss begge. Eg vart meir frimodig i mi tru. Eg kom nærare Jesus, og det vart trusstyrkande.

Så har jo Marit betydd mykje, seier Egil. Ho har alltid vore ivrig. Det er lett når me er to, veit du.

Helsing i rette tid

I vinter hadde eg også ei veldig fin oppleving. Eg skulle til ei undersøking, og var uroleg. Eg bladde på nettbrettet. Plutseleg lyste det mot meg: «Jeg vil gi deg helsen tilbake og jeg vil lege dine sår». Det var rett ifrå min Herre og Frelsar. Det var eg ikkje i tvil om. Ein venn hadde lagt ut bibelord på facebook. Då måtte eg grina litt igjen, seier Egil. Gud visste om meg og kva eg skulle. Då blei eg roleg.

Vil ikkje framstå som overånndeleg

Marit og meg har morgenandakt ved frukostbordet, og ber saman. Me har mange me ber for; våre egne, folk i forsamlinga, folk som er sjuke, andre forsamlingar på øya og vennene våre. Me ber om vekking. I dag måtte eg takka for Vigeland, seier Egil. Så litt etterpå set me oss ned og har bibelstund i stolane våre på kjøkenet. Me sit gjerne heilt i ro og seier ingenting. Det er veldig viktig at Guds ord får koma inn i oss. Men me vil ikkje gjera oss overånndelege. Me er vanlege menneske, seier Egil. Me må ikkje skryta. Det likar eg ikkje. Men det er viktig med åndeleg føde, og leva nær Gud i kvardagen.

Teneste

Gud må skapa trong og lyst i oss til å vera med i Guds rikes arbeid. Det er viktig å ikkje ta i ferde med ting sjølv, men leva så nær Gud at me er i Hans leiing.

Så er me så ulike. Nokon likar praktisk arbeid, andre skal forkynna eller vera forbedar. Eg er ingen talar, men eg er glad eg kan bidra litt i forsamlingsliv, gjerne som forbedar. Eg likar godt onsdagsmøte og bønemøte. Her får me nærleik til kvarandre. Marit og Egil driv formiddagstreff på Laurhammer saman med to andre par. Og nyleg var Egil og Marit med som leiarar på Vårtreff på Brandøy.

Glad i song og ivrig bowlar

Store delar av livet har Egil vore med i musikklag. Det har vore Meling Musikklag, Laurhammer Musikklag og seinare «Håpet». Dei starta også ei gruppe som heitte Laurhammergutane. I 1993 byrja Egil og Marit i Sunnhordlandsmusikken. Det er eit sagn å ikkje vera med i noko lenger.

Dei seinare åra er Egil blitt ein ivrig bowlar. Litt beskjedent fortel Egil at han kom til NM-finalen eitt år i sin veteranklasse. Kvar torsdag formiddag møtest pensjonistar til bowling på Stord. Det er ein fin stad å vera, der dei rett som det er får god samtale om livet og om tru.

Marit Hårklau Ådnanes

Helgatun 50 år

12.-13. august 2023

Laurdag 12. august

kl. 14.00: Jubileumsmarkering

Svein Bjarne Aase og Kjerstin Handeland Stokken deltek

kl. 18.30: Jubileumskonsert med Vossagospel
og Tom Jarle Istad Kristiansen

Søndag 13. august

kl. 11.00: Familiegudsteneste

Tilbakeblikk, jubileumsbok, helsingar
og feiring av 50 år med Helgatun

Overnatting og bestilling av mat heile helga
til e-post: helgatun@helgatun.no eller tlf: 56 51 98 98

Velkommen til HAUSTMØTE

Leirvik Bedehus

22.-24. september 2023



Hovudtalar: Oddvar Søvik

På årets Haustmøte får vi besøk av Oddvar Søvik. Oddvar er idag pensjonist og forfatar. I sitt yrkesaktive liv har Oddvar hatt ei teneste i misjon som pastor i ulike forsamlingar, han har jobba i Normisjon og som skulelagsprest i Kristiansand for å nemne noko.

Oddvar formidlar med omsorg og kunnskap. Fleire kjenner kanskje til Oddvar frå hans arbeid med Likkledet i Torino, som me er så heldige å få høyre på fredagskvelden. Oddvar si forkynning engasjerer både unge og eldre.

Endeleg Fredag kl. 20.00 Tema: "Likkledet i Torino"

Oddvar Søvik har i mange år interessert seg for Jesu linklede. Denne kvelden tek han oss med inn i sine funn kring linkledet. Kvelden vert avslutta med eit godt måltid.

Bibeltime laurdag kl. 11.00 og 13.00

Tema: "Bøn"

Laurdag vil Oddvar, gjennom to bibeltimar, sjå nærare på tema bøn. Mellom bibeltimane vert det servering av grout.

Møte søndag kl. 11.00 Tema: "Bøn"

Haustmøtehelga vert avslutta søndag 24. september kl. 11. Oddvar Søvik talar over tema bøn denne søndagen. Hjarteleg velkomen til ei eller fleire samlingar denne helga.

Glimt frå ulike møte og arrangement



Helsing frå



BRANDØY

Misjons- og konferansesenter
www.brandoy.no



Vil du gi ei gåve
til Brandøy?

Vipps

Vipps-nummer: **594910**

Kontonr.: **3000.21.26261**

Dei siste vekene har det blitt meir og meir vårleg ute. Det er godt å ha varme og lys å sjå fram til! Men vi går litt kronologisk til verks, og ser litt tilbake på våren først:

I mars og april har her vore leirar og forsamlingshelger.

IMS har hatt juniorleir (4-9 år med følgje), Tweensweekend (5.-7. klasseleir), Påskefestival (8. klasse og oppover), og Vårtreff (60+). I tillegg har tre indremisjonsforsamlingar hatt weekendar her. Det er veldig kjekt at forsamlingar opplever slike weekendar som meningsfulle, og har lyst å komma tilbake. Kanskje forsamlingsweekend kan vera aktuelt for fleire? Ta gjerne kontakt om de ønsker å sjå på ledige helger!

Gjennom ein leirsong er det flott å få merka at her er ei god blanding av dei som er her for første gong, og dei som har vore her jamleg i over 50 år – og alt mellom der. Her er besteforeldre, barn og barnebarn med tradisjon for å reisa til Brandøy regelmessig, og her er dei som aldri hadde høyrte om Brandøy før dei blei inviterte med. Fleire av barna på tweensleirar dei siste åra har ikkje noko særleg kjennskap til Jesus og Bibelen. Bruk gjerne leiroversiktene som bønneplan – her er store moglegheiter, og Guds ord vender ikkje tomt tilbake (Jes 55,11).

I april sendte vi ut gåvebrev med oppfordring om å vera med og bera leirarbeidet økonomisk. På gåveaksjonen har det no komme inn over 60 000 kr. Det er vi svært takksame for!

Gjennom vinteren og våren har vi fått hjelp med skoging særleg rundt og nedanfor Amanda-huset. Flott at det har blitt opnare nedover mot sjøen! Nå går her også ni kasjmirgeiter med Nofence-gjerde og beitar på det som står att. Dei gjer ein god jobb, og det ser ut som dei er nøgde med maten dei får som lønn.

No framover gler vi oss til IMS Sommarfest! Vi håpar denne helga kan bli ein viktig stad å få påfyll – med avkopling frå kvardagen og moglegheita til å «kople seg på» Guds Ord. Vi håpar også dette kan bli eit godt møtepunkt på tvers av generasjonar. Her vert det lagt til rette for gode og varierte samlingar – mellom anna stormøte i telt på grusbanen, og mange kjekke pauseaktivitetar for barn og ungdommar. Sjå ims-sommarfest.no for meir informasjon. Ser vi deg der?


Sidan vi har IMS Sommarfest som ei storsamling i juni, vert det ikkje Brandøyhelg i august dette året. Håpar difor mange kan prioritera sommarfesten!

Så ser vi fram til vidare samarbeid med eit godt Brandøystyre. Takk til dei som stiller opp som styremedlemmer! Det er også kjempeflott for kontinuiteten og drifta at Brandøy sin dyktige kokk Daria Holowinska no har jobba her i 10 år!

Kvalavåg Musikklag var med på ope møte på Vårtreff. Dei avslutta med songen frå Salme 121. Så flott å bli minna om: «Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå? Mi hjelp kjem frå Herren, som har skapt himmel og jord» (Sal 121, 1-2). Vår hjelp kjem ikkje frå kor som helst, men frå Gud som har skapt himmel og jord. Han som har oversikt over dei minste atom og dei største galaksar. Og han bryr seg om kvar og ein!

Helsing oss på Brandøy, ved Annbjørg og Andreas Våge

Takk til små og store som var med på dugnad i midten av mai! Dei mest tidkrevjande prosjekta var maling rundt hovuddingangen, og rekkverk ved hjørnet ved stove/gymsal, samt å begynne på bygging av plating rundt trampolina. Vi har også fått hjelp med beskjæring av buskar, rydding av småvekster, spyling, kosting og feiing. To kjekke jenter frå Lundeneset hjalp med barnepass underveis, så dei vaksne kunne jobbe litt ekstra. Nå ser det langt bedre ut enn før helga. TAKK for innsatsen, alle saman!





ims SOMMAR FEST

**16.-18. juni 2023
BRANDØY**

DESSE VERT MED



VIGGO KLAUSEN er kanskje ein av Noregs mest bereiste og tydelege formidlar av Jesus til barn og ungdom, men også til vaksne. Under IMS Sommarfest vil han ha «Tru i heimen»-seminar laurdag, men hovudsakleg vil han vera engasjert inn mot barn og familie denne helga.

INGA-BIRGITHE S. KNUtSEN talar under møta laurdag og søndag føremiddag. Til dagleg er ho lærar på Bildøy. Ho er lidenskapeleg opptatt av at menneske skal veksa i relasjon og nærleik til Den Heilage Ande, og at Gud skal vekka opp sitt folk – til omvending og tilbake på kne.



RUNAR LANDRO deltar med seminar laurdag. Frå 1. mars utgjer han leiarduo i ImF saman med Anja Ulveseth Heggen. I 2008 vart han hovudpastor på Fredheim, der han enno har ei stilling. Me ynskjer å vera tydelege, rause, ekte og aktuelle i vårt arbeid, sa han då. Det gjeld framleis!

MORTEN SAMUELSEN OG SARA HELEN ROMARHEIM HETLEBAKKE syng med og for oss fredag kveld. Morten har med si varme stemme og unike formidlingsevne nådd mange hjarte med sin song. Sidan november 2016 har Morten fått leva ut musikkdraumen på heiltid.



Saman med mannen Vegard bur Sara Helen i Betania studentfelleskap i Bergen. Ho studerer medisin, men er også låtskrivar og songar. Jul 2021 vart ho kjent for songen «Verda blir aldri den same», og i 2022 kom julesongen «The smallest».



Meir informasjon, prisar og påmelding finn du på

IMS-SOMMARFEST.NO



PÅ TAVLA

Meir informasjon, prisar og påmelding finn du på
IMS-SOMMARFEST.NO

ims
SOMMAR
FEST



BRANDØY
16.-18. juni

Kvinnedagar Brandøy

18.-20. september 2023

Tema: Nåde nok!

Med:
Mona Rosvold Bauge
Kari Bolette Kjølberg Lundal
Lise Marie Thuestad Litlabø

Påmelding og meir informasjon: indremisjonen.no tlf. 53 41 07 04



Ledige helger på Brandøy



Brandøy er ein populær leirstad til både leir, forsamlinghelger og private arrangement. Våren 2024 har vi nokre helger ledige:

- 2.-4. februar 2024
- 5.-7. april 2024
- 19.-21. april 2024
- 10.-12. mai 2024
- og 14.-16. juni 2024

To gjerne kontakt om du vurderar ei helg på Brandøy.

www.brandoy.no



Damehelg

15.-17. september på Helgaton



Ei helg til inspirasjon gjennom ord, tonar, fellesskap og god mat, for DAMER i alle aldrar.

Saman med komiteen vert Sølvi og Dagfinn Heimestøl med.

Påmelding til e-post: helgaton@helgaton.no eller tlf 56 51 98 98

HJARTELEG VELKOMMEN TIL

SUNNHORDLANDSTREFF

PÅ HELGATUN

21.-25. AUGUST 2023

Buss frå Bremnes, Stord, Fitjar og Os
Korrespondanse med Kvinnerhad og Tysnes

Påmelding til Helgaton tlf. 56 51 98 98
Eller mail helgaton@helgaton.no

LYNGDAL BIBELCAMP 2023

Egen kidscamp
og ungdomscamp
alle uker

Forsangere
hver uke

Før mer info og detaljer om programmet sjekk bibelcampen.no
Booking av rom og leiligheter skjer på bibelcampen.no eller tlf 38 23 06 06.
Booking av plass for campingvogn, leil og bobil skjer fra torsdag 13. april
kløkken 10.00 på bibelcampen.no eller tlf 38 33 06 06.



FAMILIELEIR

30. JUNI - 4. JULI



PÅ BRANDØY



PÅMELDING OG MEIR INFORMASJON FINN DU PÅ INDREMISJONEN.NO UNDER ARRANGEMENT OG LEIR



HELGATUN - 22.-24. SEPTEMBER 2023

JAKT- OG FRILUFTSLEIR

+ **PUSTEROM** = sant

Denne leiren er ei samanslåing av
Jaktleir og Pusterom. **ALLE** er velkomne!



Velkommen til HAUSTMØTE

Leirvik Bedehus
22.-24. september 2023

Hovudtalar: Oddvar Søvik

Helgaton 50 år - 12.-13. august 2023